



NVS RAPPORT 3/2010

*GPS-merkeprosjektet i Setesdalsheiane:*

# Årsmelding 2009

Lena Romtveit





Romtvæit, L. 2010. GPS-merkeprosjektet i Setesdalsheiane: Årsmelding 2009. NVS RAPPORT 3/2010 15s.

Forsidefoto: © Olav Strand

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no

**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no

**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 06.01.2010

ISSN: 1891-5331

## Føreord

Bakgrunnen for at GPS-merkeprosjektet i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei var at både forvaltning og lokale interessentar såg at ein trøng meir kunnskap om reinens arealbruk i desse heiområda og utvekslinga dei imellom. Tilsvarande problemstillingar på Hardangervidda, og i samband med Rv7, gjorde at ein der fekk satt i gang eit prosjekt med overvakning av reinen via GPS-sendrarar i 2001. Dette såg ein no rom for òg i Setesdalheiane, og med brei deltaking frå forvalting og næringsliv fekk ein i gang eit merkeprosjekt på villreinen i området i 2006.

Denne årsmeldinga for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdalheiane oppsummerar prosjektaktivitet og status for prosjektet i 2009.

Årsmeldinga vil og vera eit grunnlag for styringsgruppa og dei andre bidragsytarane sin tilbakerapportering til arbeidsgjevar om korleis deira bidrag i prosjetet blir nytta.

Då sekretariatet for dette prosjektet ligg hjå Norsk Villreinsenter Sør (NVS) på Skinnarbu, er årsmeldinga skriven som ein rapport i NVS' rapportserie.

Lena Romtveit

Skinnarbu 06.01.2010

## Innhold

FØREORD .....	4
SAMANDRAG .....	6
INNLEIING .....	6
PROSJEKTAKTIVITET I 2009.....	8
Administrasjon og møteverksemeld .....	8
Fagleg aktivitet .....	9
ØKONOMI .....	10
Oversyn inntekter 2009.....	11
Oversyn utgifter 2009 .....	12
PROSJEKTAKTIVITET 2010 .....	13

## Samandrag

I 2009 er det nymerka fire simler i Setesdal Austhei. Saman med resten av dei merka simlene der (totalt 10) og dyra som er merkte i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene (totalt 10), har ein no eit tilfredstilande datasett i høve til problemstillingane som er reist i prosjektet. Til no har ein ikkje lukkast med å merke bukk, noko som er viktig for å få meir kunnskap om bruken av randområda. Det er eit mål å merke bukk i løpet av vinteren 2010.

Økonomisk har prosjektet hatt stabile inntekter gjennom heile perioden, og 2009 er siste året med full finansiering. Dei estimerte inntektene for 2010 saman med overføringer frå tidlegare år, gjer at prosjektet har ca 1,5 mill til sluttføring.

I tillegg til eitt ordinært styringsgruppemøte har prosjektet deltatt på eit fellesmøte med tilsvarande prosjekt på Hardangervidda/Nordfjella. I tillegg til fagleg og administrativ orientering, var tankar om eit felles framtidig prosjekt på villrein og fornybar energi tema på fellesmøtet. Erfaringane frå dette møtet var gode, og det ble vedtatt å gjennomføre eit tilsvarande møte i 2010. I 2010 blir det lagt opp til orienteringsmøte rundt i Setesdalen om prosjektet.

Olav Strand har og i år styrt prosjektet, og leiar i styringsgruppa har som tidlegare vore Per Øyvind Grimsby frå Sira Kvina Kraftselskap. Norsk Villreinsenter Sør overtok sekretariatet frå og med 26.mars 2009 og det er tatt hand om av Anders Mossing og Lena Romtveit.

## Innleiing

GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Aust- og Vesthei kom i stand ved oppstartsmøte i Kristiansand 6.juni 2006. Bakgrunnen var at der var haldne to møte om villreinforvaltinga i regionen, med brei deltaking, der konklusjonen var at ein trøg meir kunnskap om reinens arealbruk i desse heiområda og utvekslinga dei imellom. Ein såg òg parallelle til Hardangervidda og Rv7 der overvåkinga av reinen via GPS-sendarar hadde pågjenge sidan 2001 med gode resultat. På oppstartsmøtet vart det nedsett eit interimstyre som arbeidde fram ei prosjektskisse, og 30.januar 2007 blei prosjektets styringsgruppe konstituert (Tab. 1), samt framdriftsplan og økonomistyring vedteke.

Leiar for styringsgruppa har gjennom heile perioden vore Per Øyvind Grimsby frå Sira Kvina Kraftselskap.

Sekretærfunksjonen låg frå starten av hjå Tor Punsvik hjå FM i Vest Agder. Hausten 2007 overtok Lars Arne Bay frå Statskog i påvente av at Norsk Villreinsenter Sør skulle koma på plass med dette tilbodet. Frå 26 mars 2009 har sekretariatet lege ved Norsk Villreinsenter Sør på Skinnarbu, Tinn i Telemark.

Prosjektet har hatt mykje av det same kunnskapsbehovet som dei tilsvarande prosjekta på Hardangervidda og Nordfjella, og det vil difor kunne vera overføringsverdi i resultata frå kvart av

områda. Det er Olav Strand m.fl. frå NINA som stend for forskingsarbeidet både i Setesdalområdet og på Hardangervidda/Nordfjella.

Økonomien blei sikra ved at bidragsytarane (Tabell 1) gav tilsagn på årvisse løyvingar (2006-2010; Tabell 2) som blir fakturert frå prosjektet kvar haust. Ytingane er fordelt med 50% utbetaling av årsbidraget frå kvar i oppstartsåret 2006 og i avslutningsåret 2010, og med fulle utbetalingar åra 2007, 2008 og 2009.

**Tabell 1: Oversyn over bidragsytarar og medlemmer i styringsgruppa i Setesdalprosjektet i perioden 2006-2010.**

<b>Styringsgruppemedlemmer (bidragsytarar)</b>	<b>Andre bidragsytarar</b>
Sira Kvina Kraftselskap	Bygland Kommune
Bykle Kommune	Valle Kommune
Tokke Kommune	Fyresdal Kommune
Hjelmeland Kommune	Vinje Kommune
Sirdal Kommune	Suldal Kommune
Aust-Agder Fylkeskommune	Forsand Kommune
Fylkesmannen i Vest-Agder	Hægebostad Kommune
Statskog Sør-Norge	Åseral Kommune
Statens Vegvesen	Gjesdal Kommune
Otteråens Brugseierforening	Telemark Fylkeskommune
Setesdal Austhei Villreinnemnd	Rogaland Fylkeskommune
Setesdal Vesthei Villreinnemnd	Vest-Agder Fylkeskommune
Stavanger Turistforening	Fylkesmannen i Rogaland
SR Villreinlag	Fylkesmannen i Aust-Agder
	Fylkesmannen i Telemark
	Lyse Produksjon
	Agder Energi Produksjon

	Arendalsvassdragets Brugseierforening Norsk Hydro Produksjon AS Statnett SF Region Sør-Norge Statkraft Region Vest-Norge
--	---

## Prosjektaktivitet i 2009

Skildringa av prosjektaktiviteten i 2009 er delt inn i to underkapittel;- med administrativ og fagleg aktivitet. Økonomien er omtala i eit eige kapittel. Administrasjon og møteaktiviteten er omtala delvis etter orientering frå styringsgruppeleiar og tidlegare sekretærars arbeid, då noverande sekretariatsfunksjonen frå NVS først kom på plass frå 01.juni 2009. Den faglege aktiviteten er skildra av Olav Strand frå NINA som er fagleg leiar for prosjektet

## Administrasjon og møteverksemد

I 2009 er det halde to styringsgruppemøte. Det første var 26.mars og blei halde på Revnes Hotell, Byglandsfjord. Dette var eit reint styringsgruppemøte der i tillegg NINA (Olav Strand) og NVS (Anders Mossing og Brita Homleid Lohne) var representert. På møtet vart det gjeven info frå Olav Strand, NINA, om den faglege aktiviteten i Setesdalsprosjektet og om tilsvarande frå andre prosjekt rundt om i landet, samt behova for nymerking/remerking osv. NVS ved fagkonsulent Anders Mossing og naturvegleiar Brita Homleid Lohne orienterte om sine aktivitetar og viste til verdien av desse merkeprosjekta i så måte. Vidare blei sekretærfunksjonen drøfta. Det blei vedteke å overføre sekretariatet til Norsk Villreinsenter Sør frå og med 26.mars. (Planane om å flytte sekretariatsfunksjonen til NVS kom opp alt på hausten i 2008, men pga at Rune Bergstrøm gjekk ut av jobben sin på senteret og dermed stort arbeidspress på dei som blei att, blei dette utsett til nemnde dato.). Frå og med 01.juni 2009 har denne oppgåva lege til Lena Romtveit som då blei tilsett i engasjement, og som òg har ansvaret for tilsvarande sekretariat for Hardangervidda/Nordfjella prosjektet.

Det andre styringsgruppe møtet blei halde 17. og 18.november ved NVS sine lokal på Skinnarbu. Dette var i tillegg eit fellesmøte med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet, då eit av tema som blei diskutert var spørsmål om eit framtidig fellesprosjekt mellom desse prosjekta. Med dei bidragsytarane som no er engasjert i prosjekta, kunnskapsbehovet knytt til framtidige revisjonar av mange av kraftvekksionesjonane med eit nasjonalt og internasjonalt fokus på naturvenlege og berekraftige

løysingar ser ein eit potensiale for eit fellesprosjekt som framskaffer slik kunnskap. Prosjektet kan søkast inn som eit prosjekt med brukarmedverking under RENERGI programmet hjå forskingsrådet.

Elles var dette møtet organisert slik at alle bidragsytarar til prosjekta blei invitert til ein open del av møtet, der det blei gjennomgått status for arbeidet, rapportering, utviklinga framover og parallelle prosjekt i Dovre Rondane regionen. På den lukka delen der berre styringsgruppene for både prosjekta var til stades, blei status kring økonomien i begge prosjekta gjennomgått, samt prosjektplaner for både prosjekta for 2010. I tillegg gjekk ein endå litt vidare med diskusjonen kring eit framtidig fellesprosjekt.

## Fagleg aktivitet

### Status for arbeidet med GPS merkeprosjektet i Setesdalsheiene

Prosjektet i Setesdalsheiene som omfatter Setesdal Austhei og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene har fram til nå vært inne i en datainnsamlingsfase. Vinteren 2008 ble det merka 4 nye simler på Austheia. Flere av de senderne som ble montert i 2007 er fremdeles virksomme. Totalt har vi nå 10 ulike individer i datamaterialet fra Austheia. Senderne har virka etter intensjonen og så langt har senderne gitt ca 95% av de dataene som er bestilt. På vestheia ble i tillegg til 3 nymerka simler bytta radiosender på 5 dyr i 2008. Også her har datainnsamling og senderfunksjonalitet vært tilnærma optimal og vi har nå et tilfredsstillende datasett med tanke på rapporteringen av prosjektet i 2010.

Så langt har vi av ulike årsaker ikke lyktes med å merke bukk, noe som var et av prosjektmåla. Vi kommer derfor til å lage en ny søknad til Mattilsynets forsøksdyrutvalg (FDU) der vi ber om et løyve til å merke bukk kommende vinter. Dersom dette går som planlagt vil vi merke 5 bukker med GPS/GSM sendere. Dette vil gi en sommersesong med data der vi har muligheter til å sammenligne bukkene og simlenes habitatpreferanser. De dyra som nå går med radiosendere vil fortsette å levere data i minst tre år til. Dette åpner for en videre datainnsamling og oppfølging som prosjektet i samarbeid med SNO og villreinlaga må lage en viss oppfølgingsplan for.

Prosjektet skal sluttrapporteres i løpet av 2010. Dette innebærer at vi nå er inne i en analyse og sammenstillingsfase. I løpet av prosjektet har vi spart en god del prosjektmidler som sammen med neste års bidrag fra prosjekteierne gjør at vi kan ta sikte på relativt omfattende analyser av det materialet som er samla inn. Vi har derfor planlagt et analyseoppsett neste år som omfatter en demografisk analyse av villreinbestanden på vestheia, analyser av reinsdyras migrasjonsmønster i begge områder, utvikling av en habitatmodell for kalvings, sommer og vintersesongen i begge områder, samt en detaljert framstilling og analyse av reinens atferd i fokusområdene som er definert for prosjektet. Analysene kommer også til å bli koordinert med et tilsvarende arbeid i Nordfjella. Dette gjør at vi kan ta inn en del mer generelle analyser og regionale betraktninger i den planlagte sluttrapporten.

Det er en betydelig lokal og regional interesse for prosjektet. Vi har derfor lagt opp til en lokal informasjonsrunde i begge områder neste vinter. Dette vil etter planen bli gjort i løpet av mars måned og vil ha preg av å være en underveisrapportering fra prosjektet der vi presenterer data og foreløpige resultater. Etter at sluttrapporten er ferdig vil det derfor være naturlig å gjennomføre en tilsvarende informasjonsrunde hvor en presenterer sluttproduktene fra prosjektene. Informasjonsmøtene vil om mulig bli gjennomført på to nivå; først et møte på dagtid med politikere og aktører på arealsiden, og dernest et møte på kveldstid som er retta mot et bredere publikum og jegere.

## Økonomi

Økonomien i prosjektet er som nemnd organisert med årvisse beløp frå bidragsytarane. 2009 er det siste året der beløpet vert utbetalt i storleik 100 %. I 2010 blir det, til liks med 2006, berre utbetalt 50 % av det årlege tilsagnet kvar enkelt bidragsytar har løyvd. Dette då prosjektet starta opp i siste halvdel av 2006 og sommaren 2010 har det pågjenge i dei fire åra som var tenkt.

Utbetalingane skjer etter fakturering frå NINA på hausten. Dette inneber at midlane kvart år har kome inn etterskotsvis.

Oversikten i tabell 2 viser kor mykje kvar bidragsytar har hatt som årleg yting, og kva som er betalt inn for 2009 til prosjektet, litt over 1.1 mill. kr..

Utgifter direkte tilknytt forskingsarbeidet utført av tilknytte forskrarar, blir fakturert prosjektet og NINA direkte; slik som merkeutgifter, analysearbeid, feltarbeid osv er vist i tabell 3. Det same gjeld òg så langt det er råd utgifter tilknytt det administrative som møteutgifter til styringsgruppa. Alternativt kan òg dette gå via sekretariatet dersom noko tilseier det. Utgiftene i 2009 (Tabell 3) har i hovudsak gått til å drifte prosjektet med merking og datainnhenting.

Då ikkje alle midlane som kom inn i 2009 (òg dei som blei overført frå 2008) er nytta, blir det overskytande overført til 2010. Då dette er siste år i denne prosjektperioden, vil desse midlane gå med til bukkemerking, datainnsamling, analyser og skriving av sluttrapport.

## Oversyn inntekter 2009

**Tabell 1: Inntekter frå bidragsytarane i 2009:** Eit par av postane har uthøva skrift; den øvste på kr 250 000,- frå Statnett var ei ekstraløyving som kom inn til kjøp av nye sendarar. Den nedste på kr 736 308,- er midlar som kom inn i 2008 men ikkje blei bruka. Desse tek prosjektet med seg vidare framover.

<b>Regnskap</b>	
Agder Energi Produksjon	27 900
Statkraft Energi AS	54 600
Fylkesmannen i Aust-Agder	25 000
Sira-Kvina kraftselskap	70 500
Statens vegvesen	100 000
Valle kommune	30 000
Vest-Agder fylkeskommune	25 000
Fylkesmannen i Rogaland	25 000
Fylkesmannen i Vest-Agder	25 000
Aust-Agder fylkeskommune	25 000
Otteraaens Brukseierforening	69 600
Tokke kommune	10 000
Lyse Produksjon	18 600
Sirdal kommune	25 000
Rogaland fylkeskommune	25 000
Statnett SF	250 000
Bykle kommune	35 000
Statskog SF	50 000

Fyresdal kommune	20 000
Vinje kommune	10 000
Hjelmeland kommune	15 000
Suldal kommune	25 000
Forsand kommune	10 000
Telemark fylkeskommune	25 000
Arendalsvassdragets brukseierforening	41 000
Norsk Hydro Produksjon	17 700
Statnett SF Region Sør-Norge	50 000
Fakturert i 2008, overført til 2009	736 308
<b>Sum inntekt</b>	<b>1 841 208</b>

## Oversyn utgifter 2009

**Tabell 3: Utgiftene er i hovudsak knytt til merking og datainnhenting. Der er òg for 2009 ein post til Statskog på kr 47 845,-. Dette er for sekretærtenesta til prosjektet som er utført av Lars Arne Bay som er tilsett i Statskog, som òg er bidragsytarar inn i prosjektet. Sekretærtenesta frå NVS er p.t. vederlagsfri og har soleis ikkje kosta prosjektet noko i 2009.**

Data nettverk, brukerlisenser	26 299
Telonics	179 982
Vectronica Aerospace (sendere)	85 582
Veterinærconsult (medikamenter)	8 000
Rekvisita	190
Telenor (SMS villreinsendere)	7 255
Porto	342
Scan aviation (peiling villrein)	31 434

Jämtlandsflyg (peiling)	90 000
Veterinærconsult (merking)	56 168
Statskog	47 845
Reise-og møtekostnader	18 198
Styringsgruppemøter	9 726
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>561 021</b>
Timekostnader	
Olav Strand	81 200
Kirstin Fangel	105 975
<b>Sum timekostnader</b>	<b>187 175</b>
<b>Sum prosjektkostnader</b>	<b>748 196</b>

Tabell 4. Midlane overført fra 2009 saman med estimerte inntekter for 2010 (50% av årvisse ytingar), gjer at prosjektet har i overkant av 1,5 mill til å avslutte arbeidet i Setesdalsheiane.

Overført frå 2009 (per 16.11.09)	1 093 208
Estimert inntekt i 2010	439 950
<b>Totalt disponibelt i 2010 (- resterande kostnader 2009)</b>	<b>1 533 158</b>

## Prosjektaktivitet 2010

Ut frå arbeidet i 2009 og konklusjonar frå møta, er det særleg bukkemerkinga som stend att å gjennomføre i 2010 for å få fullfør prosjektet etter planen, i tillegg til analyser og skriving av sluttrapport. Til arbeidet med sluttrapporten får Olav Strand mellom andre hjelp av Lars Arne Bay frå Statskog og Per Jordhøy frå NINA.

Det blir lagt opp til ein runde med informasjonsmøter i Setesdalen i februar for å orientere om prosjektet. Dette vil vera både for bidragsytarar og for andre med interesse for prosjektet og engasjement i villreinforvaltinga i Setesdalsheiane elles.

Ved bukkemerking vinteren 2010 vil ein få eit halvt år med data som vil koma med i sluttrapporten. Denne merkinga vil dra ein del pengar, men gjev til gjengjeld data som er etterspurt av styringsgruppa. Den vil òg vonaleg kunne gje ekstra informasjon om randområdebruken, som er ei av problemstillingane som er reist som grunnlag for prosjektet.

Trass i at prosjektet skal sluttrapporteras i 2010, er det likevel slik at der går ein del dyr rundt med klavar som fortset å levere data. Dette gjer at ein diskusjon kring å halde fram med merkeprosjektet, eventuelt i eit samarbeid kringliggende område er høgst aktuell. Dette blei difor tatt opp som eiga sak under fellesmøtet med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet i 2009. Denne diskusjonen vil bli viareført på neste fellesmøte som vil bli i løpet av 2010, dato for dette er enno ikkje sett.

I tillegg til fellesmøte blir det lagt opp til ordinært styringsgruppemøte i april. Det er mogleg det er trond for fleire møte i løpet av det komande året, men det må ein koma attende til etterkvart.

ISSN: 1891-5331

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA